



Solfrid Sagstad og Tom Erik Sagstad
Mjåtveitvegen 7b
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykker:
Vår: 16/1305 - 16/9897

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

Dato:
24.05.2016

Godkjent - GBNR 23/94 - deling av grunneigedom - Mjåtveitvegen

Administrativt vedtak. Saknr: 136/2016

Tiltakshavar: Solfrid og Tom-Erik Sagstad og Vegard Sagstad
Søknadstype: Søknad om deling av grunneigedom etter plan- og bygningslova (tbl) § 20-1 første ledd bokstav m).

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Det vert vist til søknad m/vedlegg datert 25.4.2016 om løyve til deling av gbnr. 23/94 i Meland kommune, for opprettning av ny eigedom, jf. tbl § 20-1 første ledd bokstav m). Eigedomen er bebygd med ein tomannsbustad og er regulert til bustad i reguleringsplan for Frekhaug senter/vest, planid: 125619951011.

I søknaden er det oppgjeve at Solfrid og Tom-Erik Sagstad skal eige parsell A i henhold til vedlagte situasjonskart, medan Vegard Sagstad skal eige parsell B. Vi antar at dette er feil, og legg til grunn at Solfrid og Tom-Erik Sagstad skal eige parsell C i henhold til vedlagte situasjonskart. Det vert elles vist til søknad datert 25.4.2016.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla utan merknadar. Administrasjonen vurderer nabovarslinga som tilstrekkeleg, jf. tbl § 21-3 første og andre ledd.

VURDERING:

Lov- og plangrunnlag:

Opprettning av eide dom er eit «*tiltak*» etter pbl § 1-6, og er søknadspliktig etter § 20-1 første ledd bokstav m). Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at «*[o]pprettelse av ny grunneiendom (...), eller endring av eksisterende eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan.*»

Den omsøkte eide domen er regulert til bustad i reguleringsplan for Frekhaug senter/vest, planid: 125619951011. Deling av eide domen er dermed ikkje i strid med gjeldande reguleringsplan for området, og det kan gis løyve til omsøkt deling, jf. pbl § 26-1.

Det omsøkte tiltaket har ingen innverknad på tilhøva til vass- og avlaupsnett.

Ved avtale om vegrett datert 25.4.2016 er parsell C «*sikret*» lovleg atkomst over parsell B, jf. pbl § 27-4 første ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 26-1 løyve til deling av gbnr. 23/94 i henhold til vedlagte situasjonskart.

Grensene mellom eide domane og nøyaktig storleik på areala vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyve til deling vert gitt på vilkår om at parsell C i samband med oppmålingsforretning får tinglyst veirett over parsell B.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eide domsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eide domsregistrering, jf. pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vart kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 23/94,73 Frekhaug - endring av matrikkeleiningar
kart
avtale om vegrett

Mottakere:

Solfrid Sagstad og Tom Erik Sagstad Mjåtveitvegen 7b 5918
Vegard Sagstad Mjåtveitvegen 7a 5918

FREKHAUG
FREKHAUG